


Norsk språkråd

Postboks 8107 Dep

0032 OSLO



FRAMLEGG TIL NY NYNORSK RETTSKRIVING ER EI STOR NYVINNING.

Framlegget frå rettskrivingsnemnda til ny nynorsknorm vil styrkja nynorsk skriftmål. Det gjer nynorsken klårare, støare og tydelegare for nynorskbrukarar, der den store valfridomen med eit hopetal av former er borte. Samstundes gjer framlegget det enklare for bokmålsbrukarar som skal læra nynorsk, og ikkje minst i sidemålsundervisinga. Det er mykje slik at i sidemålet vel dei med nynorsk i skulen eit bokmål som ligg i god avstand frå nynorsk. Slik må det også vera omvendt. Nynorsken er ei tydeleg norm, der slike ord som noen, mye, kjøre, bare, skole og -ig -endingar (endelig) i adjektiv er vekke. Vidare er ei rekkje klammeformer vekke, slik at det no gjeld å skriva, og ikkje leita etter det som er lov å skriva.

Etter det Ulvik mållag kan sjå, legg den nye nynorsken opp til å verta ei skriftform som er tufta på vestnorsk, austnorsk og nordnorsk, der altså store delar av landet får med sitt. Dette er storveges gjennomtenkt, og det må få viktige språkpolitiske fylgjer for nynorsken, men også for norsk generelt i Noreg. Klåre norske alternativ bygde på målføre er også motvekt mot utanlandsk språkpåverknad.

Ulvik mållag vil seia frå om at det er positivt at ord med diftong, som til dømes køyra, drøyma og høyra, er eineformer. Samstundes er det i samsvar med talemål å kunna skriva både søkja og søka i verb, og bryggje og brygge. Derimot seier dei fleste å utdanna seg, og svært få å utdana seg. Obligatorisk samsvarsbøying av sterke verb i perfektum partisipp skal det framleis vera (folk er komne), medan i svake verb vert det valfritt (bøkene er illustrert/illustrerte).

Vidare har det kome framlegg om *dykk* som subjektform. **Dette høyrer ikkje heime i nynorsk skriftmål.**

Ulvik mållag ynskjer framlegget velkome, og ynskjer lukke til med arbeidet framover.

Årsmøtet i Ulvik mållag 23.02.11

Hildeborg Dalaker
Hildeborg Dalaker -leiar-

Kopi til Hordaland mållag og Noregs mållag